

Magnus Lagabøtes landslov

NOFI 211 / 250 / 302 / 304 · UiB · Vårsemesteret 2014

Kombinert undervisningsseminar og forskingsseminar

Kursansvarlege: *Odd Einar Haugen* og *Helen F. Leslie*

Versjon 1.3 (4. desember 2013)

Dette seminaret er tenkt for studentar, faglege medarbeidarar og andre som er interesserte i Magnus Lagabøtes landslov – truleg den viktigaste og utan tvil den lengstlevande teksten frå norsk mellomalder. Fokuset vil vere på omsetjinga av landslova og dei terminologiske og reale utfordringane som ligg i dette arbeidet. For studentar vil det vere høve til å prøve seg på ei omsetjing til moderne norsk av ein mindre utdrag av lova.

Seminaret vil gå på måndagar i februar, mars og april annakvar veke med inntil 4 timar kvar gong. Det blir lagt inn ein pause ca. 15:45–16:15, slik at det blir tid til å ta seg litt mat og drikke i kantina.

Programmet vil bli justert under vegs, men ser førebels slik ut:

Måndag 13. januar, kl. 10:15–11:00 (seminarrom **M**, Sydneshaugen skole)
Orienteringsmøte om dette og andre NOFI-tilbod.

Måndag 3. februar, kl. 14:15–18:00 (grupperom **O**, Sydneshaugen skole)
Bakgrunnen for landslova: dei norske landskapslovene og lovgjevingsarbeidet til Magnus Lagabøte (Jørn Øyrehagen Sunde).
Oversyn over handskrifter og fragment av landslova (Helen Leslie og Odd Einar Haugen).
Ortografiske trekk i handskriftet Holm perg 34 4to (Robert Paulsen).
Gjennomgang av prologen (Helen Leslie).

Torsdag 6. februar, kl. 14.15–16.00 (seminarrom 372, HF-bygget)
Morfologiske og syntaktiske søk i landslova (Holm perg 34 4to) ved hjelp av søkjeportalar utvikla i prosjekta Menotec og INESS (Odd Einar Haugen)

Måndag 17. februar, kl. 14:15–18:00 (grupperom **O**, Sydneshaugen skole)
Omsetjingar – til norsk (Odd Einar Haugen), til tysk (Florian Schreck) og – etter kvart – til engelsk (Helen Leslie)

Terminologisk jamføring gammalnorsk, moderne norsk, engelsk og tysk. (Helen Leslie mfl.)

Gjennomgang av utvalde delar av Tjuvebolken og Kjøpebolken.

Måndag 3. mars, kl. 14:15–18:00 (grupperom **O**, Sydneshaugen skole)

Eidar i landslova (Thomas de Ridder).

Gjennomgang av utvalde delar av Mannhelgebolken og Landsleigebolken.

Måndag 17. mars, kl. 14:15–18:00 (grupperom **O**, Sydneshaugen skole)

Kristendomsbolken og bakgrunnen for denne (Astrid Marner).

Gjennomgang av utvalde delar av Tingfarebolken og Kristendomsbolken.

Måndag 31. mars, kl. 9:00–17:00 (seminarrom **A** (403), Dragefjellet)

Arbeidsmøte (*workshop*), der vi får bidrag frå fleire av deltakarane, og truleg minst ein gjesteforskar. Programmet for dette vil bli utarbeidd i løpet av februar, slik at deltakarane får tid til å førebu sine bidrag. – Arbeidsmøtet vil bli kunngjort for alle interesserte via forskargruppa i mellomalderfilologi.

Måndag 28. april, kl. 14:15–18:00 (grupperom **O**, Sydneshaugen skole)

Rettleiingseminar for dei studentane som skal skrive heimeoppgåve på kurset.

* * *

Oppfølgingstilbod for studentar

For studentar som kjenner seg urøynde med det gammalnorske språket, vil det bli eit særskilt oppfølgingstilbod, avhengig av forkunnskapar (etter avtale). Ta kontakt med ein av faglærarane snarast råd for å diskutere behovet for oppfølging.

Aktuelle oppgåver for studentane

På alle dei annonserte kursa (og obligatorisk på NOFI 250) kan ein skrive ei heimeoppgåve. Ei høgst aktuell oppgåve vil vere omsetjing med kommentar av eit utdrag av landslova. Kommentaren kan vere ei reint språkleg drøfting og/eller ei jamføring med andre lovtekstar.

Tekstar og hjelpemiddel

Det vil bli orientert om tekstar og hjelpemiddel på dei to første møte (måndag 3. og torsdag 6. februar).

Primærlitteratur

Her er dei viktigaste kjeldetekstane (inkl. omsetjingar), men det kan enno kome til nokre innførslar. Dei fleste er digitalt tilgjengelege.

Utgåva av landslova ved Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch i *Norges Gamle Love* bd. 2 (1848), s. 1–178:

<http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=ngl2>

Ei diplomatarisk avskrift av hovudhandskriftet Holm perg 34 4° ved Anna Horn:

<https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Tekstar/HolmPerg-34-4to-diplomatic.pdf>

Absalon Tarangers omsetjing til bokmål frå 1915:

<https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Omsetjingar/Taranger/Taranger-Landslov-1915.pdf>

Knut Robberstads omsetjing av den utfyllande bylova frå 1923:

<https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Omsetjingar/Robberstad/Robberstad-bylov-1923.pdf>

Rudolf Meissners omsetjing til tysk (i fraktur) og parallell gammalnorsk tekst (i antikva) frå utgåva i NGL bd. 2, utgjeven i 1941: *Landrecht des Königs Magnus Hakonarson* (Weimar: Böhlau).

NB! Det finst berre eitt eksemplar av denne boka på UBB (pluss to på Jus), men det er eit godt antikvarisk tilbod (på denne og andre omsetjingar frå Meissners hand), t.d. på *Zentrales Verzeichnis Antiquarischer Bücher* (ZVAB.com):

http://www.zvab.com/basicSearch.do?anyWords=meissner+rudolf+germanenrechte+1941&author=&title=&check_sn=on

Sekundærlitteratur

Denne lista vil bli utvida etter kvart. Medan det enno er god tid til kurset rår vi til at dei første tre oversynsartiklane blir lesne:

Magnus Rindal. 1995. "Dei norske mellomalderlovene." I: *Skriftlege kjelder til kunnskap om nordisk mellomalder*, utg. Magnus Rindal, 7–20. KULTs skriftserie, bd. 38. Oslo: Noregs forskingsråd. – Konsist oversyn, som kan lastast ned her: <https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Sekundaerlitteratur/Rindal-mellomalderlover-1995.pdf>

Jon Gunnar Jørgensen. 2013. "Diplomer, lover og jordebøker." Kap. 5 i *Handbok i norrøn filologi*, utg. Odd Einar Haugen. Bergen: Fagbokforlaget. – I dette kapittelet gjev s. 262–284 eit godt oversyn over alle dei norske og islandske lovtekstane, og hjelper til å setje landslova i kontekst. Boka kan kjøpast på Studia eller lånast frå UBB.

Jørn Øyrehagen Sunde. 2011. "Lovgjeving i kongsgarden i Bergen ca. 1260 til 1281." I: *Fra kongssete til kulturminne. Håkonshallen og Bergenhus-området gjennom 750 år*, utg. Anne Ågotnes og Ingvild Øye. Bergen: Grieg. – Kan lånast på UBB.

Magnus Rindal. 1997. "Ny utgåve av dei norske lovene frå mellomalderen?" I: *Nordiske middelalderlover. Tekst og kontekst*, utg. Audun Dybdahl og Jørn Sandnes, 23–32. [Trondheim]: Tapir. – Her blir landslovprosjektet i realiteten lansert. Artikkelen kan lastast ned her: <https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Sekundaerlitteratur/Rindal-ny-lovutgaave-1997.pdf>

Gustav Storm. 1879. *Om Haandskrifter og Oversættelser af Magnus Lagabøtes Love*. Christiania: Dybwad. – Unnverleg oversyn over handskriftene av landslova og eit viktig argument for å bruke Holm perg 34 4° som grunnhandskrift (i staden for AM 60 4°, som var brukt i NGL 2) – merk at mange av signaturane hos Storm er endra sidan hans tid; såleis er Stk. C 21 det handskriftet vi no omtalar som Holm perg 34 4° (jf. s. 3 hos Storm). Kan lastast ned her: <https://dl.dropboxusercontent.com/u/8086804/Landslov/Sekundaerlitteratur/Storm-Landslov-1879.pdf>

Dieter Strauch. 2011. *Mittelalterliches nordisches Recht bis 1500*. Ergänzungsbände zur Reallexikon der Germanischen Altertumskunde, bd. 73. Berlin: De Gruyter. – Voluminøst oversyn over heile den nordiske mellomalderlovgevinga. Kap. 1

gjev eit oversyn over dei norske lovene, med landslova nokså kortfatta omtalt på s. 158–166. Har fyldigare litteraturreferansar enn Jørgensen 2013.

Jørn Øyrehagen Sunde. “Daughters of God and Counsellors of the Judges of Men. Changes in the Legal Culture of the Norwegian Realm in the High Middle Ages.” – Artikkel (34 sider) under utgjeving i 2014. Truleg tilgjengeleg i løpet av februar 2014.